

ÅRSRAPPORT | 2018

Trygg Trafikk Sogn og Fjordane



TRYGG TRAFIKK



Distriktsleiar: Audun Heggstad
Askedalen 4
6863 Leikanger
Telefon: 952 37 438
E-post: heggstad@tryggtrafikk.no

TRYGG TRAFIKK I SOGN OG FJORDANE

Trygg Trafikk sitt arbeid i Sogn og Fjordane er styrt av Trygg Trafikk sin strategi for 2018–2025 og handlingsplan for 2018–2019, og av Sogn og Fjordane sin *Handlingsplan for trafikktrygging 2018–2021*.

Fylkessekretariatet i Sogn og Fjordane vart oppretta i 1984. Distriktsleiaren har kontor plass på Leikanger og leiar Trygg Trafikk sitt arbeid i fylket. Distriktsleiaren er løna av Trygg Trafikk, medan aktivitetsmidlar, kontorhald og reiseutgifter vert dekkja av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

MEDLEMAR

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Aurland kommune
- Flora kommune
- Leikanger kommune
- Høyanger kommune
- Årdal kommune
- Bremanger kommune
- Lærdal kommune
- Naustdal kommune

INNHOOLD

Dette er Trygg Trafikk.....	3
Omkomne i vegtrafikken	4
Aktivitatar 2018	5
Økonomi og finansiering	12
Framtidige behov og moglegheiter.....	13

ÅRSRAPPORT SOGN OG FJORDANE 2018

REDAKTØR: Audun Heggstad
KORREKTUR: Nye Tillen
DESIGN: October Design AS

[www.tryggtrafikk.no/
sogn-og-fjordane](http://www.tryggtrafikk.no/sogn-og-fjordane)

Dette er Trygg Trafikk

Trygg Trafikk sitt samfunnsoppdrag er å arbeide for best mogleg trafikktryggleik for alle. Mange er opptekne av tryggleik i samferdselssektoren, men Trygg Trafikk er den einaste aktøren som berre arbeider med trafikktrygging.

Trygg Trafikk er ein landsdekkande medlemsorganisasjon som jobbar for betre trafikktryggleik for alle trafikantar. Vi syter for at trafikkopp-læring og informasjon om trafikktryggleik når ut til barnehagar, skular og befolkninga elles. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken.

Gjennom konseptta Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg vi med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for auka trafikktryggleik. Trygg Trafikk jobbar også med haldningskampanjar og med å få folk til å bruke tryggingstutstyr i trafikken. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken. Trafikantane sin kompetanse vil framleis ha stor innverknad på trafikktryggleiken i mange år framover.

Samarbeidspartnar og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter nasjonalt og lokalt.

Organisasjonen møter i Kontaktutvalet for trafikktryggleik (KTS) og har ansvar eller delansvar for 35 tiltak i *Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018–2021*. Trygg Trafikk sine distriktsleiarar har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikktryggleiksarbeidet.

Medlemar

Trygg Trafikk byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikktryggleiken. Medlemar i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestrafikktryggleiksutval (FTU), bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

Finansiering

På nasjonalt nivå vert Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og gjennom frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringsselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet vert finansierte gjennom tilskot frå fylka.


TRYGG TRAFIKKS HOVUDOMRÅDE

Trygg Trafikk har frå 2018 ein ny strategi som gjeld for 2018–2025.

I strategien peikar vi ut fem hovudområde:

- 1: Trygge og sikre barn.
- 2: Trafikksikker ungdomstid.
- 3: Tryggleik for fotgjengarar og syklistar.
- 4: Systematisk trafikktryggingarbeid.
- 5: Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd.





Sju personar omkom i trafikken i Sogn og Fjordane i 2018


Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) omkom sju personar i trafikken i 2018, mot fem i 2017. Trygg Trafikk har funne SSB sine tal tilbake til 1978, og det lågaste talet på omkomne i perioden 1978–2018 var i 2014. Då omkom ein person.

129 personar vart skadde i trafikken i 2018, mot 127 personar i 2017, og det vart det registrert 97 politirapporterte trafikkulykker med personskadar, mot 96 ulykker året før.


Dette ser ut til å verte ein svak auke samanlikna med året før, spesielt i talet på skadde personar. Tala kan endre seg noko utover året, fram til dei endelege tala kjem i mai 2019. Det er spesielt sommarmånadane mai, juni og august som har svært mange ulykker. Gjennomsnitt på omkomne dei siste fem åra er 4,2.

Kjelde: SSB.

DREPNE OG HARDT SKADDE I SOGN OG FJORDANE 2009–2018



OVERSIKT OVER TALET PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2018



Aktivitestar 2018

1: Trygge og sikre barn

Overordna mål: *Ingen barn omkjem eller vert hardt skadde i trafikken.*

Talet på trafikkulykker med barn er kraftig redusert, men det er framleis trong for innsats på dette området. Trygg Trafikk vil bidra til å oppretthalde den positive utviklinga, også for nye generasjonar. Vi har liten kunnskap om skadetal for barn som mjuke trafikantar. Trafikktryggleik for barn er dei vaksne sitt ansvar.

Gjennom utdanningssystemet når vi alle med trafikkopplæring, også innvandrarar frå land med ein annan trafikkultur. Vi oppmodar til systematisk trafikkopplæring med utgangspunkt i to grunngevingar. Den eine er at barn skal lære kva som er sikkert, og kva som er farleg, slik at dei unngår ulykker i eit kortsiktig perspektiv. Den andre er å ha eit langsiktig, førebyggjande perspektiv, etablere gode vanar og skape ein tryggleikskultur. Barn vert feilsikra i bil og buss, og mange opplever skulevegen som utrygg. Det er ei utfordring at trafikktryggleik ikkje alltid inngår som ein naturleg del av samarbeidet mellom heim, barnehage og skule.

Vi er ein pådrivar for at barn skal vere trygge og sikre i trafikken. Vi vil at myndigheitene skal leggje større vekt på omsynet til barn og unge i planlegginga av transportsystemet, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Barnehage

Kurs for barnehagetilsette

Trygg Trafikk gjennomførte kurs for tilsette i barnehagane i Førde 10. april. Det var godt oppmøte, med vel 20 deltakarar. Marie Louise Zangenberg og Karoline Herlovsen var hovudforelesarar på kurset, som fekk gode tilbakemeldingar også denne gongen.

Kurset vart støtta av FTU, og vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane, som også fekk utdelt undervisningsmaterieill frå Trygg Trafikk.

Barnehagelærarutdanninga (BLU) på Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal

Trygg Trafikk gjennomførte eit kurs med temaet trafikkopplæring for barnehagelærarutdanninga i Sogndal.

Kurset vart halde på vårsemesteret for studentane på tredjeåret. Her var det 43 studentar frå heile landet. Desse valde trafikk som tema då dei skulle ut i praksisperioden



Karoline Herlovsen og Marie L. S. Zangenberg held kurs for barnehagetilsette i Førde.



Askedalen barnehage er re-godkjend som Trafikksikker barnehage.

like etter kurset. Dette er eit godt tidspunkt, for studentane er komne langt i utdanninga og kan dermed bruke temaet på ein betre måte i praksisperioden.

Kurset vart støtta av FTU, og vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane, som også fekk utdelt undervisningsmaterieill frå Trygg Trafikk.

Trafikksikre barnehagar

Trygg Trafikk godkjende elleve nye Trafikksikre barnehagar i Gloppen og Eid kommunar. Til saman er 20 barnehagar godkjende som Trafikksikre barnehagar. Dei andre ligg i Leikanger og Årdal kommunar og har gjennom dei siste åra vore pilotbarnehagar i prosjektutviklinga Trafikksikker kommune / Trafikksikker barnehage / Trafikksikker skule.

For å verte godkjend som Trafikksikker barnehage må barnehagen fylle kriteria til konseptet Trafikksikker barnehage. Barnehagane vert godkjende for tre år om gongen.

Barnas trafikklubb

Barnas Trafikkklubb er ein trafikklubb som er gratis og nettbasert. Klubben er først og fremst tiltenkt som eit pedagogisk hjelpemiddel for barnehagane, og lokalt har vi sendt ut mykje informasjon til desse og gjeve ut mange innmeldingspremiar. Dette har gjeve god respons, og 96 barnehagar har melde seg inn. Det er framleis mange som enno ikkje har melde seg inn, så dette vil verte prioritert dei neste åra.

Skule

Trafikksikker skule

Det vart godkjent 11 nye trafikksikre skular i 2017. Til saman er det 15 trafikksikre skular i fylket. Desse er fordelte på kommunane Førde, Sogndal, Årdal, Gloppen og Eid. Godkjenninga gjeld i tre år, og for å verte godkjende må dei fylle Trygg Trafikk sine kriterium for Trafikksikker skule.

Skulestart og opplæring i trafikktryggleik

I samband med skulestart sende Trygg Trafikk ut ein informasjonsbrosjyre om seksåringar på skuleveg til alle

skulane i fylket. I tillegg har vi også sendt ut informasjon om Trygg Trafikk sitt kompetansesenter og kva skulane kan finne der. Trygg Trafikk Sogn og Fjordane har i samarbeid med FTU tilbydt skulane gratis materieill til skulestart og opplæringsmaterieill til 1.-4. klasse. Mange skular har teke imot tilbodet og brukt det. Her har vi satsa på klassesett til skulane, slik at gjenbruk over fleire år er sikra. I tillegg har vi hatt eit nært samarbeid med folkehelsekoordinatorane i kommunane og folkehelserådgivarane i fylkeskommunen.

Hjartesoner

I samband med skulestarten sende vi også ut informasjon om ordninga Hjartesoner og oppmoda skulane til å etablere bilfrie og sikre soner rundt skulane. Bakgrunnen er at det skal verte tryggare rundt skulane. Dette vil motivere fleire til å gå eller sykle til og frå skulen der det er trygt. Fleire kommunar har svart at dei vil jobbe meir med dette konseptet i 2018. Statens vegvesen har også teke dette opp som tema på trafikktryggingsmøta sine med kommunane.

Sykkel

Trygg Trafikk har som kompetansesenter mykje godt materieill om sykkel og sykkelopplæring. Vi har sendt ut demonstrasjonseksemplar av sykkelmaterieillet og informasjon om tilbodet som ligg på nettsidene våre i form av rettleiingar, filmar, testar med meir til sykkelopplæring på dei ulike trinna i grunnskulen, til alle skulane i fylket. Mange skular har også vorte viste til nettsidene våre om temaet sykkel og liknande.

Nye retningslinjer for sykling til og frå skulen

Det kom nye retningslinjer i samband med skulestart, og Trygg Trafikk informerte skulane og foreldra i samarbeid med Fylkesmannen om desse nye retningslinjene. Det er no foreldra og ikkje skulen som skal bestemme når barna kan få lov til å sykle til og frå skulen. Trygg Trafikk tilrår som tidlegare at barna bør vere 10-12 år før dei syklar åleine i blanda trafikk.

2: Trafikksikker ungdomstid

Overordna mål: *Færre ungdommar omkjem eller vert hardt skadde i trafikken.*

Talet på drepne og hardt skadde ungdommar i alderen 15–24 år har gått ned dei siste åra. Likevel er ungdom, spesielt unge bilførarar, framleis høgt representerte på ulykkesstatistikken. I arbeidet mot nullvisjonen er ungdom ei viktig målgruppe. Ungdom vert eksponert for trafikkarlege situasjonar på fleire måtar. I byane vel unge ofte kollektivtransport, og dei går eller sykklar framfor å køyre bil. I distrikta er bilen viktigare. Det er mange som brukar bil til skule og aktivitetar, og i ein del miljø er bilen ei viktig interesse. Dei som er opptekne av bil, køyrer meir enn andre og er dermed potensielt meir utsette for ulykker.

Trygg Trafikk har to tilnærmingar i ungdomsarbeidet. Hovudsatsinga er skuletiltak som er retta mot alle og har til hensikt å styrke den gode åtferda. I tillegg er det nødvendig å rette spesielle tiltak mot dei mest risikoutsette ungdommane.

Nettverksmøte for ungdomsskulelærarar i Sogndal

Trygg Trafikk inviterte alle ungdomsskulane til nettverksmøte i Sogndal i september dette året. Dette for å motivere til å gjennomføre trafikalt grunnkurs og trafikk som valfag på ungdomsskulane. Torunn Mevik frå Trygg Trafikk sentralt hadde ansvaret for kurset, som var støtta av FTU. Det møtte 24 deltakarar, og det var eit sterkt ynske om årlege samlingar. På møtet fekk dei drøfta moglegheiter og utfordringar med kollegaar frå andre skular. I tillegg fekk dei informasjon om korleis det vert løyst andre stadar i landet osv. I tillegg fekk alle skulane eit sett med «promillebriller» frå FTU som dei kan nytte som hjelpemiddel i undervisninga.

Temadagar vidaregåande og lærlingar

Trygg Trafikk har delteke på temadagar på fleire vidaregåande skular. Vi har også vore med på lærlingsamlingar der dei har hatt trafikk som tema. Vi tek då spesielt føre oss promille, fart og rus. Vi har mellom anna brukt promillebrillene som vart kjøpte inn. Dette er temadagar som involverer heile skulen, eller delar av skulen. Når det gjeld russebilane, har Statens vegvesen eige opplegg til desse.



Alle ungdomsskulane som har trafikk som valfag eller tilbod om trafikalt grunnkurs, fekk eit sett med «promillebriller» av FTU-leiar Noralv Distad.

3: Tryggleik for fotgjengarar og syklistar

Overordna mål: *Det skal verte tryggare å sykle og gå.*

Det er ei nasjonal satsing at fleire skal gå og sykle, og målet er at dette ikkje fører til fleire ulykker. Mange vegar er ikkje tilrettelagde for gåande og syklande. Mange syklistar brukar ikkje sykkelhjelm til tross for at dette reduserer risikoen for alvorleg hovudskade. Refleksbruken blant fotgjengarar er for låg, noko som gjev auka risiko for påkøyringar.

Trafikk følgjer nøye med i ulykkesutviklinga og formidlar kunnskap om tryggleik for fotgjengarar og syklistar. Vi er ein pådrivar for at tilgjengeleg statistikk gjev eit rett bilde av risikonivået, og for at personskadeulykkene på sykkel vert rapporterte.

Refleksdagen 2018

18. oktober var den nasjonale refleksdagen i Noreg. Årets refleksdagrefleks vart laga av artisten Kygo. Refleksane hadde mange ulike motiv. Trygg Trafikk kjøpte inn ein del av desse refleksane og nytta desse i samband med markeringa av refleksdagen. Vi delte dei også ut til andre som hadde pedagogiske refleksopplegg.

Refleksdagen vart markert på ulike vis. Mellom anna vart det gjennomført ein ad hoc-aksjon i Sogndal og Førde, begge stadar i samarbeid med dei vidaregåande skulane. Politiet, Statens vegvesen, Fylkeskommunen og LO var samarbeidspartnarar og delte ut refleksar til fotgjengarar rundt og inne på skuleområda. I Førde var også Førde kommune sin utekontakt med, der ungdomsskulane og ein barneskule fekk refleksar denne dagen. Aksjonen fekk bra mediedekning, spesielt på sosiale medium, og vart godt motteken.

I tillegg hadde mange skular og barnehagar refleks som tema denne dagen, og fleire av desse hadde fått tilsendt refleksar frå Trygg Trafikk.

Reflekskonkurranse i samarbeid med fotballkretsen

Sogn og Fjordane Fotballkrets og Trygg Trafikk inviterte aldersbestemte fotballklubbar til reflekskonkurranse der laga skulle kome med gode reflekstiltak via ein fotokonkurranse. Vinnarane av konkurransen vart Eid idrettslag jenter 9–10 år, mens Årdalstangen IL barneidrett

6–10 år kom på andreplass. Tredjeplass gjekk til Eid IL jenter 5 og 6 år, delt med Askvoll/Holmedal jenter 6 år. Det var god deltaking, og laga vart premierte med refleksvestar til heile laget i tillegg til per.ge-premiar.

<https://www.fotball.no/kretser/sogn-og-fjordane/aktivitet/kongleriket-miniputt/artiklar-kongleriket/2018/vinnarar-trafikk-konkurransen/>



Refleksteljing 2018

Trygg Trafikk har også gjennomført refleksteljingar på vaksne trafikantar i november. Der brukte 54 % av dei vaksne refleks. Landsgjennomsnittet var 44 %. Teljingane var fordelte på både landeveg og tettbygde område. Det var 65 % bruk på belyst landeveg, mens bruken var på 43 % i sentrumsområda, som er meir tettbygd. Sogn og Fjordane ligg langt over landssnittet, men det er langt att til 100 % bruk.



Askedalen barnehage er re-godkjend som Trafikksikker barnehage.

Trafikksikre fotballklubar

Trygg Trafikk har eit godt og langt samarbeid med Sogn og Fjordane Fotballkrets og Fylkestrafikktryggleiksutvalet (FTU). Det er laga kriterium for å verte ein trafikksikker fotballklubb, og i 2018 vart Eid idrettslag godkjend som dette. Frå før var Sandane, Vik, Jotun, Stryn, Førde og Kaupanger fotballklubb (idrettslag) godkjende. Dette er eit viktig arbeid for å få klubbane til å setje trafikktryggleiksarbeidet i system. Fleire klubbar jobbar for å verte godkjende til neste år.

Trafikkurs for flyktningar

Trygg Trafikk har også hatt trafikkurs med sikring av barn i bil, refleks, sykling osv. som tema på fleire av flyktningmottaka, og hatt kontakt med fleire av flyktningkonsulentane i kommunane. Desse kursa er ein del av integreringsprogrammet til flyktningane, og kursa har vorte tekne godt imot i kommunane.

Kurs i sikring av barn i bil

Det vart halde fleire kurs om sikring av barn i bil dette året. I tillegg har vi halde kurs på helsestasjonar. Vi har også sendt ut mykje informasjonsmateriell og kampanjemateriell til mellom anna helsestasjonane, kommunane og barnehagane.



*Refleksaksjonen fekk bra medie-
 dekning, spesielt på sosiale
 medium, og vart godt motteken.*

4: Systematisk trafikktryggingsarbeid

Overordna mål: *Kommunar og fylkeskommunar arbeider systematisk med trafikktryggleik.*

Kommunar og fylkeskommunar har eit viktig ansvar for innbyggerane sin trafikktryggleik, mellom anna som vegeigar, skuleeigar og arbeidsgjevar. Trafikktryggleik er eit tverrfagleg område, og samordning av arbeidet er ei utfordring.

Trafikksikker kommune og Trafikksikker fylkeskommune er godkjeningsordningar utvikla av Trygg Trafikk. Kriteria byggjer på eksisterande lovverk og er ei hjelp for kommunar og fylkeskommunar til å systematisere trafikktryggingsarbeidet på tvers av sektorar. Folkehelsearbeidet er sentralt i kommunar og fylke, og det er naturleg å knyte trafikktryggleik til det ulykkesførebyggjande helsearbeidet.

Trafikksikker kommune

Gloppen kommune og Eid kommune vart dette året godkjende som trafikksikre kommunar. Det vart markert 8. mai i Gloppen og 22. mai i Eid. Representantar frå FTU og Sogn og Fjordane fylkeskommune var med på godkjenninga. I tillegg stilte Harald Heieraas frå Trygg Trafikk sentralt. Han har hovudansvaret for godkjeningsordninga. Frå FTU møtte Helene Hjertås i Gloppen og Sigurd Reksnes på Eid. Godkjenninga varer i tre år. Gloppen kommune er også sertifisert som trygt lokalsamfunn. Dette passar godt saman med sertifiseringa som trafikksikker kommune, og kommunen har lang tradisjon i det ulykkesførebyggjande arbeidet.

Når kommunane er godkjende som trafikksikre kommunar, betyr det at også alle barnehagane og skulane i kommunen er godkjende som trafikksikre barnehagar/skular. I samband med godkjenninga av desse to kommunane vart det godkjend 11 nye skular og 11 nye barnehagar.

Årdal kommune vart godkjend som trafikksikker kommune i 2017.

Status per 31.12.2018:

Det er no godkjend 3 kommunar, 15 skular og 21 barnehagar. To kommunar er i prosess og vil truleg verte godkjende i 2019. Tre kommunar har sagt at dei vil verte trafikksikre, men har ikkje starta prosessen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i desember 2017 ny handlingsplan for trafikktryggleik for 2018–2021. Der er Trafikksikker kommune eitt av fire satsingsområde. Målet er at i planperioden skal minst ti kommunar verte godkjende som trafikksikre kommunar, og alle kommunane skal ha starta på prosessen for å oppnå denne sertifiseringa.


At Fylkeskommunen vil ha Trafikksikker kommune som satsingsområde, er svært positivt, og det betyr mykje for Trygg Trafikk si prioritering lokalt i tida framover.



Gloppen kommune vart godkjend som trafikksikker kommune av FTU ved Helene Hjertås. Her med ordførar Leidulf Gloppestad.



Eid kommune vart godkjend som trafikksikker kommune av FTU ved Sigurd Reksnes. Frå venstre: ordførar Alfred Bjørlo, FTU Sigurd Reksnes, rådmann Åslaug Krogsæter, kommunalsjef Harald Sivertsen og Trygg Trafikk sin distriktsleiar Audun Heggstad.



5: Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd

Overordna mål: *Trafikktryggleiken i samfunnet må betrast.*

Talet på alvorlege trafikkulykker er sterkt redusert, men vi er framleis eit godt stykke unna nasjonale mål. Trafikantane si åtferd er medverkande årsak til dei fleste dødsulykker, særleg ruskøyring, høg fart og manglande førarddyktigheit. Distraksjon har vorte eit aukande problem i trafikken.

Vi arbeider målretta for at myndigheiter, næringsliv, organisasjonar og enkeltpersonar skal ha eit bevisst forhold til tryggleik, og at dei skal vere motiverte til å ta sikre val i trafikken.


Sogn og Fjordane fylkeskommune sin handlingsplan for trafikktryggleik for 2018–2021 har fire satsingsområde. Det er Sikringsutstyr, Rusførebygging, Trafikksikker kommune og Trafikkåtferd. Målet er at i planperioden skal minst ti kommunar verte godkjende som trafikksikre kommunar, og alle kommunane skal ha starta på prosessen for å verte trafikksikre kommunar.

Organisering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har organisert ansvaret for trafikktryggingsarbeidet i samsvar med vegtrafikklova § 40 bokstav a til eit eige fylkestrafikktryggingsutval.

Fylkestrafikktryggingsutvalet er i dag samansett av ni fylkestingsrepresentantar, og er identisk med samferdselsutvalet. Konsultative medlemar som Trygg Trafikk, Statens vegvesen, politiet, Fylkesmannen mfl. kjem i tillegg. Konsultative medlemar har forslags- og talerett.

Frå 2020 skal Sogn og Fjordane fylke slåast saman med Hordaland fylke. I denne samanslåingsprosessen har Trygg Trafikk gjeve innspel til fellesnemnda om at det nye fylket Vestland bør ha eit eige trafikktryggingsutval (FTU), og fellesnemnda har vedteke at det nye fylket skal ha eit eige FTU.



Økonomi og finansiering

Trygg Trafikk sin distriktsleiar vert løna av Trygg Trafikk. Tiltak i fylket, reiseutgifter og kontorhald vert dekkja av Sogn og Fjordane fylkeskommune.


Tilskot til sekretariatet

Trygg Trafikk Sogn og Fjordane fekk eit tilskot frå fylkeskommunen på 211 000 kr i 2018. Dette skal dekkje husleiga

til Statens vegvesen på 88 124 kr og utgifter til reise, IT og drift av sekretariatet med meir. Det er signalisert at husleiga skal aukast meir enn prisstigninga i tida framover.

Rekneskapen vert ført av rekneskapsføraren i Trygg Trafikk og revidert av BDO AS.

Aktiviteter	Overført fra 2017	Inntekter 2018	Kostnader i 2018	Saldo 2018 Overføres til 2019
18 – Kurs for politi og lærarar	0	31 054	31 054	0
19 – Refleks og synlegheit	0	87 982	87 981	0
24 – Trafikksikre kommunar	3 167	62 054	65 220	0
30 – Sykkelaksjonen	0	15 220	15 220	0
46 – Trafikkoppl. i ungdomsskulen	0	23 725	23 725	0
50 – Infokampanjen Skulestart	0	6 073	6 073	0
53 – Konkurransen #Er du sikker?	0	30 000	30 000	0
99 – Reise, kontor og telefon	120 844	211 000	248 742	83 102
SUM	124 011	467 108	508 014	83 104



Framtidige behov og moglegheiter

Trygg Trafikk er eit kompetansesenter innan det nasjonale trafikktryggleiksarbeidet og rettar kvart år fokus på kva vi meiner vil vere viktige arbeidsområde for det komande året. I Trygg Trafikk sin handlingsplan for 2019 fokuserer vi mot mellom anna på følgjande moment og tiltak:

Trafikksikker kommune

Kommunane er ein viktig aktør i trafikktryggingsarbeidet. Som veigeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for bebuarane si helse og trivnad har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Gjennom lovar og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med ulykkesførebyggjande arbeid i alle kommunale sektorar.

I Sogn og Fjordane ynskjer fylkeskommunen gjennom den vedtekne handlingsplanen at kommunane skal jobbe etter konseptet og verte godkjende som trafikksikre kommunar. Trygg Trafikk vil prioritere dette arbeidet høgt i 2019 og åra som kjem.

Sykkel

Høge nasjonale mål om at fleire skal sykle, og stor samfunnsinteresse rundt sykling, gjer at Trygg Trafikk fokuserer meir på dette temaet. Vi gjer allereie mykje i dag,

men dette må vi systematisere og synleggjere betre, og vi må byggje opp ein solid og heilskapleg kunnskap på dette feltet.

Trygg Trafikk er ein viktig aktør i skulen si sykkelopplæring. Vi utviklar informasjon, opplegg og materiell til skulane, både åleine og saman med Utdanningsdirektoratet. Vi vil styrkje posisjonen vår ved å vere avsendar av ny kunnskap på området barn og sykling. Sykkelsatsinga mot skulen skal synleggjerast i alle fylke.

Samarbeid, kreativitet og mot blir bare viktigere i arbeidet frem mot 2030.

Samarbeid fordi alle blir bedre når vi deler kunnskap og erfaringer på tvers av sektorene.

Kreativitet fordi vi trenger andre løsninger i fremtiden enn dem vi har i dag.

Og mot fordi det må tøffere grep til hvis vi skal nå målene vi har satt oss.

Jan Johansen
direktør i Trygg Trafikk



TRYGG TRAFIKK

TRYGG TRAFIKK
SOGN OG FJORDANE
Askedalen 4
6863 Leikanger

Tlf: 952 37 438
heggestad@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no/sogn-
og-fjordane

TRYGG TRAFIKK
Tullins gate 2
Postboks 277 Sentrum
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no